

Den siste viking

Vil du ha små holmar, bratte fjell, stort utsyn og lange dagar? Då kan du pakke kajakken og dra på padletur i Lofoten.

Han hadde sans for dramaturgi, han oldefar min. Det skal han ha. Odd Nordstoga vender blikket oppover dei bratte, mørke fjell-sidene i Trollfjorden. Men før Odd får fortalt meir om Johan Bojer, blir me avbrøtne av hurtigruteskipet «Polarlys» som kjem bak oss – svært og veldig – med passasjerar stabla opp langs rekka. På høgtalaranlegget kan me høyre reiseleiaren fortelje, på fleire språk, om hendingane som fann stad her for 127 år sidan. Og plutselig blir fjordens smule farvatn ei kokande gryte frå kjølvatnet til alle RIB-ane og turistbåtane som dukkar opp samstundes som sørgående hurtigrute tek sin daglege avstikker til denne vidkjente fjordtarmen.

Når spektaklet er over, og me fire kajakkpadlarane igjen ligg einsame på fjorden, held Odd fram:

– Jau, han Bojer, altså, skreiv boka *Den siste viking*, kor han fortel om slaget her i Trollfjorden i 1890. Fire dampskip og to mindre båtar hadde stengt denne tronge fjorden med ei not. På innsida stod det enorme mengder torsk og stanga mot nettet. På utsida samla det seg store mengder fiskarar som òg kravde tilgang til fisken: «Et hyl av tusen stemmer reiste seg. Never trua, rasende ansikter stakk fram av hundrevis av båter», Odd har lese langgoffaen sin: «Slepp oss inn i fjorden, eller djevelen han anname, slår vi Dokker i hel.»

Men dei kapitalsterke dampbåteigarane hadde ingen planar om å la småbåtane ta del i rikdomen: «Den som først kommer til kverna, han maler. Søk heim til torvmyra Dokkers – det her er vårt.» Hånlatteren steig hjå tradisjonsfiskarane, ifylgje Bojer: «Dokkers! Er fjorden Dokkers! Og fisken i sjøen er den Dokkers! Ha, ha, ha!» Da lød en kjent røst langt bak i båtstimen: «Gå på, kara! Fan ta dem! Gå på, guta!»

MODERNISERING AV KYSTFISKET

Bojers framstilling frå 1921 er tvillaust viktig for at konflikten i Trollfjorden er så kjend som han er i dag, men forfatteren smurde tjukt på og dikta i veg. Men sikkert er det at det vart alvorlege nevekampar her i fjorden på morgonkvisten 6. mars i 1890, då hundrevis av fiskebåtar



Eit stort og eit lite fartøy møtest i Trollfjorden. Hurtigruta på sin daglege avstikker til denne vidkjente fjorden. Kajakkpadlar Odd Nordstoga er her for fyrste gong.

hadde samla seg. Kampen vitnar om den store spenninga i kystfolket då moderniseringa av fiskeflåten kom på slutten av 1800-talet. Det er historikaren i laget som har overtatt ordet i det me padlar ut i Raft-sundet. Det er rett nok ikkje like spen-

Her i nord spelar det lita rolle kva tid du søv og kva tid du padlar. Det blir ikkje mørkt før i september.

nande som når Odd fortel om fiskarar som hoppar frå båt til båt med åra høgt heva og ropar «Ta dem! Hiv dem på sjøen!» Like fullt er det eit interessant spørsmål kvifor kystfolket var så illsinte på notfisket. Var dei, etter det som har vore ei vanleg oppfatning, grunnleggjande konservative menneske som motsette seg ei kvar endring utanfrå? Eller var fiskarane økonomisk rasjonelle, og forstod at «hvis der skal fiskes med Not [...] da bliver det Kapitalisterne som kommer til at dominere», som stortingspresident Sivert A. Nielsen frå Nordland hevda? Historikaren hjå oss støttar seg på læremeisteren sin frå uni-

versitetet, Einar-Arne Drivenes, som hevdar at dei nordnorske fiskarane slo ring om den grunnleggjande strukturen i fisket. Dei var ikkje teknologifjendtelege. Det vitnar den raske innføringa av motor i båtane om. Nei, det var meir snakk om kultur- og strukturkonservativisme: «Slik sett ble tumultene i Trollfjord symbolet på kampen for å bevare ei bestemt næringsform, ja, ei bestemt kulturform.»

ENORME KULLISSAR

Men det er grenser for kor lenge ein kan snakke om modernisering av fiskeria når fire kameratar er på kajakkstur. Og når bålet brenn godt på ei kritkvit strand på Brakøya, med utsyn mot Trolltindane, når den sjølvfiska torsken er eten opp og raudvinsdunken opna, er praten for lengst over på meir vande tema. Som til dømes landskapet me sig sakte gjennom.

Me starta på Offersøy og er på veg til Henningsvær. Me har padla gjennom Svælingane, med tallause holmar og skjer; ein makelaus skjergard som er omkransa av Lofotveggen i vest og Steigen og Tysfjord i aust – kullissar du aldri blir lei av å stire på.

Og så inn Årsteinkanalen til Digermulen og Raftundet. Det er store fjell og små holmar om kvarandre; tronge sund og djupe fjordar; grønne lier og mørke veggjar. Det er vanskeleg å argumentere mot at dette



er flott. Nokon har rett nok forsøkt: «Lofoten er så blottet for natur-skjønnhet som vel mulig», skreiv amtmann G.P. Blom etter ei reise hit i 1827. «De steile, høie klipper gae lige ned i havet, og lade kun sjelden plads for et eensligt huus». Han syntest heller ikkje noko om fiskeværa: «hvilket af disse steder der er smukkeste, kan ikke blive spørsmål om, men det styggeste».

Men seinare i hundreåret endra, som kjent, folk oppfatning om kva som var vakkert landskap – og kunstnarar reiste i hopetal for å feste Lofotens fjellformasjonar til lerretet. «Aldrig har jeg set så friske farver!», skreiv Theodor Kittelsen då han kom til Raftundet. «Det er et billede fra en eventyrfantasi, her må stedet være, hvor prinsessen ble bergtagen.» Og Fridtjof Nansen var ikkje mindre oppglødd då han stemna nordover i 1912. Først over Vestfjorden, kor «rækker av tinder vilde som trollheimen strakte sig utover og utover og svandt over det blåfriske hav». Så Raftundet – «selve tussenes tindeborg – og så ind i selve fjeldet ind i Trollfjorden; det kan ingen ord gi, det er Trollbotten».

SVØMMER OVER AV TURISTAR

Og Lofoten har vorte eit ufatteleg populært reismål dei siste åra. For populært, kan ein lese i media: «Vi har en kjempeutfordring», fortalde Flakstad-ordførar Hans



På lofotfiske. Det er ikkje vanskeleg å skaffe kortreist middagsmat. Men ein kan fort kome i skade for å trekkje opp for mykje fisk i kajakken i desse farvatna. Foto: Odd Nordstoga



Øystein Rudi og Daniel Collett tek ein pust i bakken i Øyhellesundet.



Sumarens mediedekning om turistflaumen i Lofoten verkar noko overdriven – om du legg ut på eigen kjø. Alle foto: Harald Dag Jølle



Forfattar og oldefar til Odd Nordstoga Johan Bojer (1872–1959) i heimen sin. Foto: NTB scanpix

Fredrik Sordal nyleg til E24. «Per i dag har vi ikke kapasitet til å ta imot flere turister. Det er fullt!» Og NRK kunne i sumar melde at «Lofoten er snart ødelagt», sidan «søppelet flyter i turistmagnet».

Men me merkar ikkje mykje til denne utfordringa, her me padlar roleg og medstraums ut Øyhellesundet, forbi garden kor Ole Heide Aas budde – mannen bak historiene i den nordnorske humorbibelen *Vett og Uvett*. Rett nok har dei veg på Stormolla, på vår babord side, med ferjesamband frå Digermulen. Men det er ikkje hit bubilturistane tek turen.

Kajakktur er ei kjekk form for ferie. Du kan leggje turen dit dei færraste dreg. Du ser landskapet i sakte fart og kan stoppe kor du vil. Du er i aktivitet og får tvillaust mosjon, samstundes som du kan få mykje utstyr med i båten, og på ingen måte lide naud. Ein mellomting mellom campingferie og friluftsliv, vil nokon kanskje meine. Og etter nokre dagar på tur, byrjar me å få roa. Her i nord spelar det lita rolle kva tid du søv og kva tid du padlar. Det blir ikkje mørkt før i september. Sjølv dei tre sørfrå byrjar forstå det.

Me går i land på ei lita strand. Legg oss i sanden og ser opp på den imponerende tinderekkja frå Rørhoptindan til Rulten. Sistnemnde, «representerte den klart mest fascinerende utfordring Lofoten stilte til buds for tindestigere», meinte den engelske storklatraren William Cecil Slingsby, som vart fyrstemann på toppen i 1903. Han kunne herifrå rapportere: «Utsikten var storslagen, slik tilfellet også vil være med ethvert utsyn fra en hvilken som helst fjelltopp i hele Lofoten, så sant bare værgudene går med på å oppføre seg noenlunde skikkelig.»

KVALFANGARHOVUDSTADEN

Havet legg seg silkemjukt. Sola sender lange strålar mot det potente Hamarøyskaftet på andre sida av Vestfjorden. På

Austvågøya markerer Vågakallen seg som sjefen i den lange fjellrekka. Me nærmar oss Skrova, småkvalfangststaden framfor nokon.

Då den moderne kystnære vågekvalfangsten starta på 1930-talet, vart han stort sett ei sesongtilpassa næring for kystfiskarane. Lofotfiske om vinteren og kvalfangst frå mai til oktober. Men på Skrova spesialiserte dei seg på kvalen i større grad enn nokon annan stad, og var etter kvart verdas største mottakshamn og produsent av kvalkjøtt. 70 prosent av all kval i Noreg vart landa på denne øya fram til kvalfangstforbodet kom i 1987.

Og det første me ser når me padlar inn i hamna frå nord, er nettopp ein kvalbåt. Det neste er ei brygge med uteservering. Men heller ikkje her blir me slått av turistflaumen. Dei har hatt større utfordringar med tilreisande tidlegare. På 1930-talet budde det om lag 400 menneske her, men om vinteren kom det 3000 fiskarar for å ro lofotfisket. «Hver eneste paragraf i sundhetsvedtektene er overtrådt nesten så fullstendig som det går an», melde ein utplisert fiskerilege. Nokre år seinare skreiv han: «Det er fremdeles mangel på priveter. Vannforholdene kan knapt bli stort verre, og det må betraktes som en lykke at der ikke er opptrådt en tufusepidemi.»

No verkar dei svært godt førebudde på

ein turistinvasjon på denne staden som står sentralt i Morten Strøksnes' fascinerande bok om jakta på djupvassudyret håkjerringa. Ei forteljing som Hålogaland teater har teke til scenen og snart kjem for å spele for dei 220 fastbuande på øya.

Me tingar ein øl. Me kan byte ut telt med rorbu. Eller om så ein oljetank som, av alle ting, er bygd om til ein overnattingsstad. Me kan få eit bord på ein av restaurantane. Og heilt sikkert ete den ferskaste fiskemiddagen i kongeriket. Men kameratane mine vil attende til teltet. Dei vil padle ut til ei av strendene på austsida av øya. Dei har fått smaken på den ljose nordnorske sumarnatta. «Nordlandssommerens evige dag», for å bruke Hamsuns omgrep.

– Kva var det Bojer skreiv om kvifor husmenn forlét plassen og segla «de hundrede mil i åpen båt opp til Lofoten»? Telemarkingen Nordstoga speidar litt fjernt ut mot fjellrekka i Tysfjorden. Sola sender raude strålar inn i nordveggen på Stetind. «Kanskje var det bare fortjenesten som frista, kanskje var det og fordi de ute på havet var frie menn.»

HARALD DAG JØLLE

Harald Dag Jølle er historikar ved Norsk Polarinstittutt og fast skribent i Dag og Tid.



Daniel Collett legg ut frå Skrova, på den siste etappen mot Henningsvær.



Brakøya, rett ut frå Trollfjorden, har ei strand der alle kajakpadlarar i området bør legge inn ei overnatting.